



Når fråvær uroar oss



- **Ein intern rettleiar for skulane i Volda kommune**



Bakgrunn

Kapittel 12. Skulemiljøet til elevane

§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

§ 12-4 Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Aktivitetsplikta til skulen er delt i fem handlingsplikter. Aktivitetsplikta omfattar alle vaksne som har sitt virke i skulen. Handlingspliktene er følgande:

- 1) Plikt til å følge med
- 2) Plikt til å gripe inn
- 3) Plikt til å melde frå ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- 4) Plikt til å undersøke
- 5) Plikt til å rette opp situasjonen med eigna tiltak

Stort skulefråvær er ein problematikk som kan få alvorlege konsekvensar for elevar og familiare deira. Ikkje berre fører fråværet til at eleven går glipp av fagleg kunnskap, men det fører også til at eleven mister verdifull sosial trening og tilhøyra i jamnaldersgruppa.

Fråvær frå skule og opplæring kan på lang sikt redusere elevar si moglegheit til å bli ein aktiv og produktiv deltakar i samfunnet.

Årsakene til skulefråværet er ofte samansette og svært kompliserte, der fleire ulike faktorar påverkar kvarandre gjensidig. Intervensjon og tiltak bør difor vere basert på ei grundig kartlegging av eleven sitt skulemiljø, eleven og eleven si familie og deira hjelpebehov.

Forsking viser at tidleg og tverrfagleg intervensjon aukar moglegheita for rask tilbakeføring. Skulen er ein sentral aktør i arbeidet rundt urovekkande skulefråvær, både i forhold til enkeltelevar og i det førebyggjande arbeidet. Fordi nettopp tverrfagleg intervensjon er så viktig i dette arbeidet, har vi arbeidd tverrfagleg for å utarbeide denne interne rettleiaren. Gruppa har vore samansett av kontaktlærar, helsesjukepleiar, kommunepsykolog, miljøarbeidar, miljøterapeut og assisterande oppvekstsjef.



Definisjonar

Udokumentert frávær:

Alt frávær som skulen ikkje har gitt eleven permisjon for er ugyldig frávær. Unntatt meldt sjukefrávær.

Urovekkande frávær:

Dersom ein elev har udokumentert frávær frå ein enkelttime eller ein dag, skal kontaktlærer ha samtale med eleven og ringe heim for å informere om det udokumenterte fráværet. Dette skal gjerast snarast råd. Seinast innan to dagar.

Trinn 1 i «trinplan for oppfølging av urovekkande skulefrávær» skal gjennomførast dersom:

1. eleven kjem for seint 3 gongar på ein måned – uavhengig av om fráværet er dokumentert eller ikkje.
2. eleven har frávær utan permisjon frå 3 enkeltdagar i løpet av ein måned – uavhengig av om fráværet er dokumentert eller ikkje.
3. eleven har frávær utan permisjon over 10 dagar innanfor same semester uavhengig av om fráværet er dokumentert eller ikkje.



Retningslinjer ved fråvær

Rektor sitt ansvar - informasjon om retningslinjer og handtering av urovekkande elevfråvær

1. Sørge for at skulen sine retningslinjer om fråvær er nedfelt i skulen sine skulereglar og gjort kjent blant dei tilsette på skulen, elevane og føresette. Dette gjeld spesielt dei føresette si plikt til å melde frå om fråvær og ordensreglement og vurdering med karakter - jf. Forskrift til opplæringslova §§ 9-3 og 9-11.
2. Sørge for at fråværsregistreringa vert følgt opp, dersom kontaktlærer er fråverande ei veke eller meir.
3. Følgje opp arbeidet med urovekkande fråvær, gjennom t.d. å delta i interne drøftingar.
4. Kan vere aktuelt å kople mot § 12-4, regelverket med aktivitetsplan, skal vurderast.

Kontaktlærer sitt ansvar- oppfølging av fråvær

1. Alle lærarar skal registrere alt fråvær kvar dag, både dokumentert og udokumentert fråvær.
2. Kontaktlærer skal ha kontinuerleg oversikt over fråvær og ein gjennomgang saman med interne samarbeidspartar kvar 4. veke.
3. Kontaktlærer skal kontakte føresette snarast mogleg ved udokumentert fråvær.
4. Informere leiinga på skulen om urovekkande fråvær (snarast mogleg).

Føresette sitt ansvar – melding om fråvær og samarbeid om elevane sitt fråvær

1. Planlagt fråvær skal meldast til skulen i forkant av fråværet. Dette gjeld også om eleven, til dømes ikkje kan vere med i kroppsøving. Bruk Vigilo.
2. Kontakte skulen – same dag – ved alle typar fråvær, også timefråvær. Bruk Vigilo.
3. Kontakte skulen så tidleg som råd dersom eleven vegrar seg mot å gå på skulen. Det er låg terskel for å få støtte. Ta kontakt med kontaktlærer.
4. Samarbeide aktivt med skulen om oppfølging av fråvær/urovekkande fråvær.

Trinnplan for oppfølging av Urovekkande skulefråvær

Trinn 1 Eleven har urovekkande fråvær	Trinn 2 Framleis uro for eleven	Trinn 3 Tverrfagleg samarbeidsmøte
<p>ANSVAR: Kontaktlærer Sjå definisjon på urovekkande fråvær pkt. 1., 2., og 3.</p> <p>INFORMASJON Kontaktlærer informerer leiinga om fråværet og det vidare arbeidet.</p> <p>SAMTALE OG KARTLEGGING Kontaktlærer skildrar eleven sin skulesituasjon og har samtalar med eleven og føresette snarleg. (Vedlegg 1 del A og B + skjema 1 i OAP)</p> <p>Skulen kan gjennomføre kartlegging av eleven sitt psykososiale miljø/læringsmiljø ved behov. Den ikkje – anonyme mobbeundersøkinga, Spekter, er eit godt verktøy (ved særskild grunnlag). Kontaktlærer undersøker om eleven har kontakt med helsesjuepleiar/ miljørettleiar. Vurder om kontakt/samhandling bør opprettast.</p> <p>SAMARBEIDSAVTALE utarbeidast med frist for evaluering 2 veker (Vedlegg 2 + skjema 2 i OAP)</p> <p>TILTAK Tiltak skal settast i verk i samsvar med samarbeidsavtalen.</p> <p>MØTE: evaluering av samarbeidsavtalen Deltakarar: Skal: Kontaktlærer, elev, føresette Kan: helsesjuepleiar/ miljørettleiar/ rådgjevar Rektor skal delta dersom ein framleis er uroa.</p> <p>VURDERINGAR: Alternativ 1: ikkje fråvær/ uroa og ein avslutter saka</p> <p>Alternativ 2: framleis fråvær/uroa og ein tek til på trinn 2</p>	<p>Kontaktlærer: - opprette aktivitetsplan i høve § 12-4 (bruk gjerne tiltak frå samarbeidsavtalen)</p> <p>ANSVAR: Rektor</p> <p>MØTE: (jfr evalueringsmøte trinn1) Utarbeide ny samarbeidsavtale. Frist for evaluering er to veker.</p> <p>VURDERINGAR: Alternativ 1: Vidareføre/justere iverksette tiltak internt. Informere dei føresette om aktuelle samarbeidspartar dersom tiltaka ikkje har ønska effekt ved neste evaluering.</p> <p>Alternativ 2: Tiltaka har ikkje vore gode nok. Vurdere om og kven av samarbeidspartane som skal involverast. td. TSG, barnevernstenesta, PPT, fastlege, kommunepsykolog, politi. Rektor skal innan 1 veke etablere kontakt med aktuelle samarbeidspartar.</p> <p>Dersom saka skal til TSG skal vedlegg 1, 2 og 3 leggjast ved. Dette må avklarast med føresette og føresette må samtykke før saka kan takast opp i TSG.</p> <p>MØTE: evaluering av samarbeidsavtalen</p> <p>Ein gjer dei same vurderingane her som i tidlegare evalueringsmøte.</p> <p>Det skal alltid opprettast ny samarbeidsavtale etter møte i trinn 2. Den gjeld fram til neste evaluering eller aktuelle samarbeidspartar er kopla på.</p>	<p>ANSVAR: Rektor</p> <p>Rektor kallar inn aktuelle samarbeidspartar, føresette og ev. eleven til samarbeidsmøte innan 2 veker etter at kontakt er etablert (jmfør trinn2).</p> <p>MØTE: (ny samarbeidsavtale) På dette møtet går ein systematisk gjennom det ein har gjort (kartlegging av vanskane, hjelpebehov og utprøvde tiltak) Utarbeide ny samarbeidsavtale og nye tiltak. <u>Ansvarsfordelinga skal kome tydeleg fram i samarbeidsavtalen.</u></p> <p>VURDERINGAR (på møtet og undervegs): Vurder behov for bistand frå andre kommunale tenester eller spesialisthelsetenesta.</p> <p>Eleven/ foreldre vil få oppfølging gjennom heile prosessen ved å ha samtalar med td. kontaktlærer, helsesjuepleiar, miljørettleiar, foreldrerettleiar eller andre.</p> <p>VIDARE MØTE: Avtalast frå gong til gong</p>



Vedlegg 1

STØTTE til arbeidet med hjelp av notat i Vigilo: Kartlegging Når fråvær uroar

DEL A: Lærer si skildring av eleven sin skulesituasjon

Tenk igjennom og fyll ut det som er aktuelt på dei 9 punkta for å konkretisere den aktuelle situasjonen best mogleg (jamfør målet med denne rettleiaren).

DEL B: Kartlegging gjennom samtale med eleven

Tips til oppstart av samtalen:

- Å snakke om fråvær kan vere vanskeleg for eleven. Bruk difor tid i oppstarten av samtalen til å etablere ein trygg og open dialog utan konfrontasjon.
- Informer om at føremålet med samtalen er di uro for eleven sitt skulefråvær og at målsettinga er å hjelpe eleven til å vere på skulen. Det kan også informerast om at framgangsmåten er i tråd med skulen sine retningslinjer (jfr. Trinnplanen).
- Informer eleven om at det er gjennomført ein foreldresamtale og gi ei kort oppsummering av innhaldet i denne samtalen.

Innhaldet i samtalen:

- 1. Undersøk eleven si oppleving av skuledagen. For dei yngre elevane er det viktig å vere så konkret som mogleg. Bruk gjerne timeplanen som utgangspunkt for å skildre skuledagen.***

Døme på tema/formuleringar:

- Kva for situasjonar og aktivitetar på skulen likar du?
- Er det situasjonar eller aktivitetar du opplever som vanskeleg?
- Kven av dei vaksne likar du å vere saman med?
- Er det nokre vaksne du synest det er vanskeleg å vere saman med?

- 2. Undersøk eleven sitt sosiale nettverk og relasjonar til barn på same alder både på skule og i fritid.***

Døme på tema/formuleringar:

- Korleis har du det på skulevegen? Og har du nokon å gå saman med til og frå skulen?
- Korleis trivast du i friminutta og i timane?

- Kven er du saman med på skulen?
- Opplever du at andre ønsker å vere saman med deg?
- Har du opplevd å bli plaga eller mobba?

3. Undersøk eleven sine aktivitetar i skuletida og når eleven ikkje er på skulen.

Døme på tema/formuleringar:

- Kva gjer du når du er heime frå skulen?
- Var det nokon som forsøkte å hjelpe deg med å kome på skulen?
- Er det nokon heime saman med deg når du ikkje er på skulen?

4. Undersøk eleven sine eigne opplevingar av skulefråvær, og eigen vurdering av behov for støtte.

Døme på tema/formuleringar:

- Er det noko du skulle ønske var annleis og som ville gjere det lettare for deg å møte på skulen?
- Kva kan eg gjere for at det skal bli lettare for deg å vere på skulen?
- Kva kan mamma, pappa eller eventuelt andre gjere for at det skal bli lettare for deg å møte på skulen?
- Kva kan du gjere?
- Er det noko som har skjedd eller er det noko du er bekymra for utanfor skuletid?

5. Tiltak formulert saman med eleven på bakgrunn av opplysningane som kjem fram i samtalen.

Desse tiltaka tek ein med seg som forslag vidare til samarbeidsavtalen og gjerne i samtalen med føresette.

Døme på tiltak finn du i vedlegg 3

6. Oppsummering av samtalen: Gi ei kort munnleg oppsummering av innhaldet i samtalen.

Døme på formuleringar:

- Eg ville snakke med deg i dag fordi du har vore mykje vekke frå skulen ...
- Vi har snakka om ... og du har fortalt meg ...
- Vi har snakka om kva vi kan gjere annleis på skulen og som vil gjere det lettare for deg å vere her og saman har vi blitt einige om ...



DEL C: Kartlegging gjennom samtale med føresette

Tips til oppstart av samtalen:

- Start samtalen med å fortelje om skulen si uro for eleven sitt skulefråvær, og at føremålet med møtet er å etablere eit samarbeid for å kome fram til tiltak som vil redusere eleven sitt skulefråvær. Gi ei konkret orientering om omfanget av eleven sitt fråvær.
- Gi også informasjon om at skulen har rutinar i høve skulefråvær og at desse inneber konkrete tiltak jfr. Trinnplanen.
- Informer om at skulen har ansvaret for at elevar har ein god og trygg skulekvardag og at foreldre har ansvar for å sørge for at elevane kjem til skulen. Elevar har opplæringsplikt og foreldre har ansvaret for at skulen får gitt denne opplæringa.

Innhaldet i samtalen:

- 1. Undersøk føresette si oppleving av trivselen til sitt barn på skulen og i fritida.**
- 2. Undersøk føresette si oppleving av skulefråvær, og om dei opplever at det er spesielle årsaker til at deira barn ikkje er på skulen.**

Døme på formuleringar kan vere:

- Kan det vere forhold på skulen som gjer at ditt barn har fråvær?
- Vi har erfaring med at det kan vere forhold eller hendingar utanfor skulen som fører til at elevar har fråvær, kan det vere slik for ditt barn?
- Har det vore hendingar i familien eller i fritida som kan forklare ditt fråværet til barnet ditt?
- Er det helsemessige årsaker til at barnet ditt er vekke frå skulen?

- 3. Undersøk føresette sitt behov for støtte.**

Døme på formuleringar:

- Kva kan du gjere for at barnet ditt skal kome på skulen?
- Kva kan eg gjere for at barnet ditt skal kome på skulen?

- 4. Utarbeid ei samarbeidsavtale med skildring av tiltak og ansvar (Mal for Samarbeidsavtale-Aktivitetsplan i Vigilo). Sjå forslag til tiltak i tiltaksbanken i vedlegg 3.**
- 5. I situasjonar der fråværet i liten grad kan relaterast til opplevingar eller situasjonar på skulen og føresette gir uttrykk for at dei ikkje vil meistre å få eleven på skulen framover, bør ny samtale jf. trinn II i Trinnplanen tilbydast i løpet av ei veke.**



6. Oppsummering av samtalen: Gi ei kort munnleg oppsummering av innhaldet i samtalen.

Døme på formuleringar:

- Bakgrunnen for denne samtalen har vore skulen si uro for skulefråværet til barnet ditt.
- Vi har vorte einige om følgjande tiltak...

7. Avtal nytt møtetidspunkt for evaluering av samarbeidsavtalen (noter tidspunkt i skjema).



Vedlegg 2

STØTTE til arbeidet med hjelp av ein avtale: NÅR FRÅVÆR

UROAR

Samarbeidsavtale (skjema ligg i Vigilo)

Vedlegg 3

Tiltaksbank: Sosiale tiltak på skulen

- Arbeid kontinuerleg med det psykososiale miljøet i klassa.
 - Bruk det universalførebyggjande programmet Livet & Sånn
 - Årleg obligatorisk: elevundersøkinga, SPEKTER (ikkje anonym mobbe undersøking)
- Sørg for at eleven opprettheld ei positiv kontakt med medelevar dersom eleven ikkje er på skulen. Dette kan gjerast gjennom:
 - Besøk frå klassekameratar og kontaktlærar
 - Brev frå klassa
 - Oppmode elevar i klassa til å sende hyggelege tekstmeldingar
 - Oppmode elevar til å oppsøke eleven på fritida
- Ver bevisst på kvar du plasserer eleven i klasserommet. La eleven velje kven som skal sitte i nærleiken av seg.
- Tilby fast aktivitet saman med eleven åleine, eller saman med eleven og utvalde elevar i skuletida.
- Gjer friminutta føreseielege ved å sette i gong faste aktivitetar (til dømes speleklubb, bokklubb, teikneskule) for å skape oversiktlege og trygge sosiale arenaer.
- Sørg for at eleven har nokon å gå saman med til/frå skulen.